



Torild Ruth Herstad
Buheim 11
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/3707 - 22/45001

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
12.06.2022

Svar på førespurnad om endring av bygningsopplysningar i matrikkel - gbnr 137/669 Alver

Vi viser til dykkar førespurnad datert 02.05.2022 og 19.05.2022. Du skriv at du har fått melding frå NGIR om at egedomen din er oppført med utleige av sokkelleilighet, og derfor må betala meir i renovasjonsavgift. Du skriv vidare at du ikkje lenger leiger ut og at du håpar at opplysningane om egedomen kan rettast.

Bustaden på egedomen er i matrikkelen, Noreg sitt nasjonale egedomsregister, registrert som einebustad med hybel/sokkelleilighet og kode 112. Av kommunen sitt arkiv går det fram at det vart godkjend oppført einebustad med eige husvære i underetasjen i 1970. Teikningane viser at husværet i underetasjen har eigen inngang og er fysisk skild frå hovudhusværet. Bygningskode i matrikkelen er etter dette vurdert å vera rett.

NGIR fakturerer renovasjonsgebyr per brukseining slik bygget er registrert i matrikkelen. Dersom bustaden i dag vert nytta som ei brukseining kan du søkja om samanslåing av brukseiningane. Kommunen vil då retta desse i matrikkelen.

Samanslåing av brukseiningar er eit søknadspliktig tiltak som krev bruk av ansvarlege føretak, eventuelt kan du søkja om ansvarsrett som sjølvbyggjar. Dersom samanslåinga medfører mindre bygningsmessig arbeid av lita vanskeleggrad kan kommunen fritak frå ansvar. Vi gjer merksam på at tiltaket er gebyrlagt.

Vi har lagt ved søknadsskjema. Du må leggja ved søknaden teikningar av bustaden før og etter samanslåing. Vedlagte teikningar av godkjend bygg kan nyttast. Det må gå tydeleg fram av planteikningane at bustaden berre har ei brukseining etter samanslåing. Rominndeling og rombruk må visast. Tiltak innandørs vil ikkje krevja nabovarsel.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Teikningar bustad gbnr 137-669
Skjema for søknad om tiltak med ansvar

Mottakarar:

Torild Ruth Herstad

Buheim 11

5911

ALVERSUND